

Roald Bjørndal

Boks 72

5906 FREKHAUG

10.02.2022

Alver kommune – Plan og arealforvaltning

5918 Frekhaug



Områderegulering for Langelandskogen – høyring

Reguleringsområdet er lokalisert langs fv. 564 frå Fossekyrset til Frekhaug senter. Forutan E39 over Flatøy er dette det mest trafikkerte vegstrekket i tidlegare Meland kommune. I seinare år har det her vore stor trafikkauke grunna omfattande utbygging av bustadfelt og næring i Frekhaug/Mjåtveitområdet.

I høve til den store trafikken har fylkesvegen relativ låg standard med omsyn til kurvatur, kjørebanebreidd og vegskulder. Enkelte plasser ligg kjørebaneanten (asfaltkanten) berre 30-40 cm frå fjellskjeringa. Fartsgrensa på vegstrekket er 70 km/t, og det er tillete med forbikjøyring. Slik vegstandarden er i dag burde det ikkje vera tillete med forbikjøyring. Har sjølv opplevd fleire svært farlege situasjonar i denne samanheng.

På sikt bør dette vegstrekket rustast opp til ein betre standard og då særleg med tanke på opparbeiding av skulder langs vegen (tilkomst for utrykningskjøretøy), auka vegbreidde og rabatt mellom bilveg og gang/sykkelveg. Biltrafikken og trafikken på gang/sykkelvegen vil nok berre auka i framtida på dette vegstrekket. Ein burde såleis planlegga for ein standad om lag som ein i dag har på E39 over Flatøy, gjerne med midtdelar.

Ein slik utviding av fylkesvegen vil truleg vera mest aktuelt å føreta på nord-vest sida av vegen, altså mot det planlagte reguleringsområdet. Dette vil såleis truleg få visse konsekvensar for arealdisponeringa i reguleringsområdet.

Stiller også spørsmål om det er hensiktsmessig å lokalisera ungdomsskule/kyrkje på det planlagte offentlege arealet langs med og så nær opp mot den trafikkerte fylkesvegen.

Dette som nokre merknader til reguleringsframlegget.


Roald Bjørndal